



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Leik som tilnærming til berekraftig
utvikling i barnehagen

Play as an approach to sustainable development in kindergarten

Kandidatnummer: 436

BLUBACH 2020/2021

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Rettleiar: Bernt Rydland Olsen

Innleveringsdato: 31.05.21

Antall ord: 9840

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Abstract

This bachelor project considers play as an approach to introduce children for sustainable development in kindergarten. My research question is: “Can play in kindergarten be qualified as an approach to sustainable development? ». To examine this theory, I have chosen to focus on two qualitative methods, which is interview with kindergarten teachers and direct observation of children’s different types of play in nature, and how it connects to sustainable development.

Through examinations of these methods it was clear that sustainability related issues are important for the pedagogical leaders, and play has central role in children’s daily life in nature. This study suggests that the sustainable role is hard for the pedagogical leaders to fill, and their knowledge around sustainability and play as a combined unit is small. Also, it must be said that the lack of the competent adult in conversation is still yet to be mentioned.

Innholdsliste

ABSTRACT	0
INNHALDSLISTE	2
1.0 INNLEIING	4
2.0 TEORI	5
2.1 Berekraftig utvikling i barnehagen	5
2.2 Pilarar for berekraftig utvikling.....	6
2.2.1 Sosial- kulturelt syn.....	8
2.2.2 Økonomisk syn.....	8
2.2.3 Politisk syn	8
2.2.4 Økologisk syn.....	9
2.3 Leiken som berekraftig tilknytning	9
2.3.1 Leik med naturmaterial	10
2.4 Samspelet mellom barn og natur	11
3.0 METODE	12
3.1 Val av metodar	12
3.2 Metode: kvalitativt intervju	12
3.3 Metode: kvalitativ observasjon	14
3.4 Etske omsyn	15
3.5 Metodekritikk	16
4.0 RESULTAT	18
4.1 Analyse av intervju: Marius	18
4.1.1 Leik i naturen.....	18
4.1.2 Berekraftig utvikling i barnehagen.....	18
4.1.3 Artskunnskapar.....	19

4.2 Analyse av intervju: Trude	20
4.2.1 Leik i naturen.....	20
4.2.2 Berekraftig utvikling i barnehagen.....	20
4.2.3 Artskunnskapar.....	21
4.3 Analyse av observasjon	23
5.0 DISKUSJON	25
5.1 Samanlikning: Leik i naturen	25
5.2 Samanlikning: Berekraftig utvikling i barnehagen	27
5.3 Samanlikning: Artskunnskapar	28
6.0 KONKLUSJON	30
7.0 LITTERATURLISTE.....	32
8.0 VEDLEGG	35

1.0 Innleiing

Bakgrunnen for val av tema til dette forskingsprosjektet kom etter inspirasjon frå ulike praksiserfaringar der eg har fått oppleve barns leik, læring og utvikling på nært hald. Gjennom desse prosessane har eg utvikla ei interesse for fenomenet leik. Samstundes har eg blitt inspirert av kurset berekraftig utvikling gjennom barns medverking, som eg fullførte hausten 2020. I løpet av dette kurset lærte eg kor aktuelt berekraftig utvikling er, ikkje berre i samfunnet, men også i barnehagen. Eg har frå tidlegare av laga meg eit bilete av berekraftskonseptet gjennom reklame, naturvern og dokumentarar, men eg skjønnte fort at dette ikkje var eit sterkt nok grunnlag til å kunne utale meg om berekraftige problemstillingar. Det berekraftige «bilete» eg hadde laga meg var basert på eit vaksent, reklamepåverka syn. Eg vil derfor gå vekk frå dette vaksenperspektivet, og heller sjå på eit meir barnerelatert syn i denne oppgåva.

Barn blir omtalt som å være dei neste endringsagentane som skal ta vare på framtida (Grindheim, Bakken, Gislefoss, Hauge & Heggen, 2020, s.3). Livet på jorda er inne i ein kritisk fase og klimaproblematikken er stadig et tema. Som menneske lever vi forbi jordas kapasitet, og kvart år markerast Earth Overshoot Day. På denne dagen har vi menneske brukt opp jordas resursar for året, og offisielt må byrje å ta av neste års resursar (Haugen, 2019, s. 47- 48). Dette er ein av dei berekraftige problemstillingane som er omdiskutert rundt om i verda. Som neste generasjons- barn og barnebarn skal dei ta verdsarva vidare. Allereie før dei er født har vi gitt barna eit dårleg utgangspunkt med skjør natur, finanskriser og sosiale avgrensingar. Vi har ikkje fleire planetar å ta av, derfor må vi gjere vårt ypparste for å redde den vi har (Davis, 2015, s.9).

Basert på dette ynskjer eg å sjå nærmare på barns tilnærming til berekraftig utvikling gjennom leik. Barn har ulike måtar å utrykke seg på, og leik er den mest typiske væremåten for barn. Leiken blir brukt til undring, sosialisering og kjenslemestring (Lillemyr, 2020, s.57). Samstundes er barnet aktør og sjef for eigen læring både i barnehagen og ute i naturen (Fredriksen, 2014, s. 69). Eg skal i dette forskingsprosjektet sjå om eg kan om eg kan finne ein tydlegare samanheng mellom barns leik og berekraftig utvikling. I samband med berekraftig utvikling er det forska mykje på barns kontakt med naturen. Forsking viser «at kontakt med naturen kan bidra positivt til barns utvikling, kognitivt, emosjonelt og sosialt» (Langholm, Hilmo, Holter & Synnes, 2017, s. 81). Samstundes er det forska mindre på korleis leik i naturen kan påverke positivt på barns forståing av berekraftig utvikling. Dette ynskjer eg å sjå nærare på i mitt forskingsprosjekt.

2.0 Teori

I teoridelen av oppgåva skal eg presentere relevant teori om leiken sin tilknytning til berekraftig utvikling. Vidare skal eg fokusere på samspelet mellom barn, natur og dei fire berekraftige pilarane. Desse er økologisk pilar, sosial- kulturell pilar, økonomisk pilar og politisk pilar (Davis, 2015, s.11-12). Dei tre fyrste er utvikla av Brundtlandkommisjonen (1987). Desse teoriane blir grunnmuren til teorigrunnlaget i oppgåva, og skal belyse fenomenet leik som tilknytning til berekraftig utvikling i barnehagen.

2.1 Berekraftig utvikling i barnehagen

«Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen» (Udir, 2017, s.10). Slik startar rammeplanen (2017) sitt avsnitt om berekraftig utvikling i barnehagen. Rammeplanen påpeikar her viktigheita med at barna skal lære å ta vare på verdiane dei har rundt seg, naturen inkludert. Når det i 2017 kom ein ny revidert rammeplan etter FNs utdanningstiår for berekraftig utvikling (2005- 2014), var berekraftig utvikling endelig komt på agendaen. Det vart omsider håp om å kunne fremje haldningar og kunnskapar i barnehagen, som kan bidra til ei berekraftig utvikling for framtidige generasjonar (Sageide, 2015, s.110). For å fremje kunnskapen i rammeplanen har dei innhenta kunnskap frå Brundtlandkommisjonen (1987), og laga ein forenkla definisjon av berekraftig utvikling. Rammeplanen (2017) fortell følgande: «Berekraftig utvikling handlar om at menneske som lever i dag, får dekt dei grunnleggande behova sine utan å øydelegge framtidige generasjonar sin sjanse til å få dekt sine behov» (Udir, 2017, s.10).


Basert på denne definisjonen har rammeplanen gjort alvor av å arbeide med berekraftig utvikling i barnehagen. På den andre sida fins det lite kunnskap om korleis barn forstår berekrafts relaterte problemstillingar, til dømes korleis våre handlingar som menneske påverkar naturen. Det blir derfor presisert kor viktig det er med gode rollemodellar i barnehagen, og ikkje minst foreldre som tørr å ta leiken ut i naturen (Melis, Wold, Bjørgen & Moe, 2020, s.3). Gjennom mi tid som barnehagelærerstudent har eg blitt veileda i korleis barn i barnehagen skal lære å ta vare på naturen. Eg har fått informasjon om ulike økologiske prosjekt, til dømes aktivitetar som matlaging, fising, eller insektshotell. Ein fellesnemnar for desse aktivitetane er at dei gir barna forutsetningar til å undre seg, sanse og erfare naturen. Ved å jobbe med eit bestemt tema, kan ein som vaksen få moglegheita til å følge barna tettare og undre seg over naturfenomen saman. Aktivitetane kan knytast opp mot leik og berekraftig utvikling då dei er prega av kroppslege og sanslege erfaringar. Både matlaging, fisketur og insektshotell er

aktivitetar som gir barna rom for utforsking og undring (Heggen & Langholm, 2019, s.187-188). Dei erfaringane barna får gjennom lek og utforsking, er det som dannar eit verdigrunnlag for berekraftig utvikling. Som vaksne forbilde fortell rammeplanen at: «barnehagen har ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldingar og praksis for meir berekraftige samfunn» (Udir, 2017, s.10). Barna blir meir eksponerte for verda rundt seg etter kvart som dei veks til og berekraftig utvikling er eit tema som vil inntreffe dei tidleg i livet. Derfor er det viktig at vi vaksne tidleg er på plass og gir dei gode berekraftige opplevingar (Heggen & Langholm, 2019, s.181).

2.2 Pilarar for berekraftig utvikling

I 1987 gav Verdenskommisjonen for miljø og utvikling også kalla Brundtlandkommisjonen, leia av tidlegare statsminister Gro Harlem Brundtland, ut i rapporten «vår felles framtid» (1987). Her satt dei for fyrste gang berekraftige problemstillingar på agendaen. Det var her Brundtlandkommisjonen (1987) presenterte dei tre pilarane for berekraftig utvikling. Desse pilarane er: økologisk pilar, økonomisk pilar og sosial-kulturell pilar (Davis, 2015, s.11-12). Alle desse pilarane må være til stades når vi arbeider med berekraftig utvikling (Kasin & Haugen, 2019, s.37).

Berekraftig utvikling er eit tema som omhandlar mykje meir enn berre den internasjonale miljøproblematikken. Det er å finne i kvardagen vår, så vel som i barnehagen. I barnehagen har vaksne ulike måtar å arbeide og framstille berekraftig utvikling på for barna. Når ein ser på barneperspektivet spelar både sosiale, k og økonomiske retningar inn på korleis barna skal få ei breiast mogleg oppleving om kva berekraftig utvikling faktisk er (Davis, 2015, s.11). For å sikre barns medverking, og gi dei eit større heilhets inntrykk av kva berekraftig utvikling er, vart det foreslått ein fjerde berekrafts pilar. Oversett til norsk heiter pilaren godt styresett eller politisk berekraft, som eg vel å definere den som i denne oppgåva. Denne pilaren skal sikre barns rett til medverking, og sjå dei som framtidige endringsagentar i ei berekraftig notid og framtid (Eikset, 2019). Unesco (u.å) er ein av dei som har vert forkjemparar for denne fjerde pilaren. Den politiske pilaren er inkludert hos FN og i barnehagen, sjølv om den ikkje har nokon formell plassering i Brundtlandkommisjonens (1987) rapport (Kasin & Haugen, 2019, s.38).



Figur 2.1 «Den økologiske dimensjonen ved en bærekraftig utvikling» Henta frå (Haugen, 2019, s.44).

I tabellen ovanfor ser vi ein illustrasjon av bærekraftig utvikling. Ein ser her at alle dei miljømessige forholda må møtast på eit lite område i midten, for at ein skal kunne definere noko som «bærekraftig». Om ein av dei tre dimensjonane ikkje møtast, så kan ikkje arbeidet kvalifiserast som bærekraftig (Haugen, 2019, s.44). For at leiken skal kunne definerast som ein bærekraftig tilnærming, må den kunne koplast opp mot alle dei fire pilarane i bærekraftig utvikling. Dette vil eg no demonstrere ved å dra alle dei fire bærekraftige pilarane inn i leik. Vi tar utgangspunkt i ein fiktiv leik situasjon med fiktive barn, som leikar butikk ute i skogen. Dei har laga «butikk» inne i ein gammal steinmur og brukar ein stor stein som kasseapparat. Barna bytar på å være ulike roller. Anna er butikkmedarbeidar, Mats er hund, Hasin er butikksjef og Petra er kunde. Dei handlar ulike forbruksvarer som laurdagsgodt, middag og mjølk. Desse er for høvet pinnar, mose og ulike typar blad. Betalingsmetoden deira er steinar.

2.2.1 Sosial- kulturelt syn

Frå eit sosial- kulturelt syn kan ein sjå leiken som ein sosialiseringssprosess barnet går igjennom. Leik er ein stor del av barns utvikling, både av grunnleggande identitet og kulturell forståing. Leiken er allsidig å barns opplevingar og erfaringar vil komme fram (Lillemyr, 2020, s.30). I leiken inkluderer dei kvarandre og viser kulturelle verdiar. Eit eksempel på verdiar er; menneske som et mat. Dette har barna erfart som grunnleggande, då menneske må ha mat for å overleve. Ein kan igjen knytte behovet for mat til overleving, som vidare kan koplust til beskyttelse av medmennesket og helseverdiar (Kasin & Haugen, 2019, s.113).

2.2.2 Økonomisk syn

Det økonomiske synet har fleire perspektiv. I Brundtlandrapporten (1987) var det eit stort fokus på fattigdom. Om vi skal flytte dette perspektivet til ein leik situasjon i barnehagen, kan ein byrje med å introdusere barna for pengar. Barna i leiken ser ut til å ha ei viss forståing for kva pengar er, då dei brukar falske pengar (steinar) for å bytte til seg ein verdi (matvare). Dette kan være med på å auke barns forståing av at pengar ikkje berre er eit byttemiddel, men noko ein må bruke for å få noko i retur. Som vaksen kan ein her følge opp med kva dei konkrete varene kostar for å gi barna eit større verdisyn på pengar. Dette er også eit godt utgangspunkt for å vise barn forskjellane på rik og fattig (Kasin, 2019, s.91). Her kan ein også gå djupare inn på kva som er sjølve verdien i leiken. Leiken i seg sjølv er gratis då ein brukar materiale frå naturen, ein må heller ikkje ha dyrt utstyr for å kunne gjennomføre leiken. Dette sparer då barnehagens økonomi og økologi. Verdien i naturen kan koplust til minner, glede og ynske om å ta vare på naturen (Kasin & Haugen, 2019, s.128).

2.2.3 Politisk syn

Grindheim m.fl forstår den politiske pilaren som «arbeidsmåter som gir rom for forandringar, som kan føre til større grad av likeverd» (Grindheim et al., 2020, s.6). Dette tolkar eg til å være ulike arbeidsmetodar som inneheld endringsbasert tenking og med rom for medverking, i dette tilfellet barns medverking. Bergan & Bjørndal (2019) trekker fram at politisk berekraft er ein sentral pilar for å lære barn om ulike politiske verdiar og tidlig sette gang en demokratisk tankeprosess (s. 26). Den politiske pilaren praktiserast via demokrati og medverking i barnehagen. Om vi ser til eksempelet med butikkleiken, utspelar barna medverking i dialog med kvarandre når dei bestemmer korleis butikken skal sjå ut. Dei bestemmer også kva matvarer dei skal tilby i fellesskap og kva betalingsform som er aktuell. Når alle barna er med

på å bestemme er dette demokrati. Oelkers (2000) definerer demokrati som en deltakande politisk prosess av endring og sosial utveksling (Oelkers, 2000, sitert i Biesta, 2010, s.93). Eit døme på demokrati i leik situasjonen er at barna fordeler rollene mellom seg, og byter på dei ulike rollene over tid. Dette er noko som kan styrke fellesskapet mellom barna og gje likeverd til alle deltakande i leiken (Bergan, 2019, s.111). Medverking og demokrati i leik kan være med på å styrke barnas handlingsmønster og forhåpentlegvis styrke deira arbeidsmåtar for framtidig endring (Grindheim et al., 2020, s.2).

2.2.4 Økologisk syn

Til slutt skal vi sette butikkleiken inn i eit økologisk syn, som skal flette saman desse fire pilarane til ein berekraftig leik. Birkeland (2014) fortell at barns forhold til naturen påverkast av kor mykje dei er i kontakt med definerte omgivnader, som vil seie natur eller områder som ikkje er berekna for barn (Birkeland, 2014, sitert i Fredriksen, 2019, s.138). Vi har her fire barn som leikar butikk med naturmaterial. Elliot (2015) fortel at naturmaterial er verdifulle supplement til leiken, spesielt i forhold til fantasi og konstruksjonsleik med sortering. Slike leikar kan inspirere barna til ein nærare kontakt med naturen (s.46). Tilknytt denne materialleiken kan det oppstå gode læringssituasjonar i naturen, tilknytt observasjon og inspirasjonen til å ta vare på naturen. Dette kan til dømes skje via undersøkingar og undringar: «kva mose er egentlig dette?» Her er det viktig at dei vaksne kjem inn og undrar seg saman med barna, og snakkar om kva dei ser. Samtalen er viktig for motivasjonen til barna, då dei får følgt opp spørsmåla dei har om ulike naturfenomen. Ved at barna sjølv tar initiativ saman med vaksne til å utforske naturen, kan dei lære nye ting og vidare ta eigarskap i naturen. (Heggen & Langholm, 2019, s.173).

2.3 Leiken som berekraftig tilknytning

Heggen og Langholm (2019) fortell at barns uteleik er forbunden med barnehelse, fysisk utvikling og tilknytning til natur (s.176). Ein kan trekke fram leiken som ei drivkraft for utforskning, kjenslemestring og tilknytning til naturen. Samstundes er verda i stadig endring. Urbanisering påverkar nærmiljøet, og naturen er ikkje lenger like tilgjengelig for leik (Elliot, 2015, s.38). Eg skal no presentere nokre leikmetodar som ein kan knytte opp mot berekraftig utvikling, men først vil eg belyse problemstillinga vi står overfor i forhold til urbanisering av samfunnet, og endringar av uteområde.

Naturrelatert uteaktivitet har mykje av æra for at utdanning for berekraft har blitt til kva det er i dag. På den andre sida har det med tida komt nye utfordringar, gjeldande kor mykje barn og unge oppheld seg ute. Elliot (2015) tar for seg den hyppige urbaniseringa som skjer rundt om i verda. Vi menneske flyttar til byar og omgir oss mindre med naturen (s.38-39). Teknologien tar overhand og forskning viser at det har vert ein nedgang på 39% i dagleg eller regelmessig uteleik i det siste generasjonsskiftet (Clements, 2014, sitert i Elliot, 2015, s.39). Fredriksen (2019) fortel at ein av grunnane til at barn stadig leikar mindre ute kan være «mangfoldet av attraktive inne aktiviteter». Ho trekk også fram engstelege foreldre med lite kunnskap om kor viktig uteleik faktisk er (s.138).

2.3.1 Leik med naturmaterial

Uteleik i naturen kan tilby barna varierte leikmaterial. Ei som har stort fokus på dette er Fredriksen (2019) ho fokuserar i stor grad på leik med naturmaterial, og kva desse naturmateriala kan tilby barna, i motsetning til masseproduserte leiketøy (s.141). Odegard (2015) fortel at naturmaterial gir barna større mogligheit for å fantasere og førestille seg ting (s.196). Dette er ein av grunnane til at naturmaterial eignar seg godt i leik. Materiala gir barna mogligheit for å utforske naturen, men også seg sjølv som individ. Barna blir kjent med seg sjølv gjennom dei fysiske, emosjonelle og praktiske moglegheitane materiala gir. Samstundes som det konkrete materialet kan være ein nøkkel for læring, kan det og utløyse utforskartrøng og mestring. Til dømes «kan ein bruke denne pinnen som tryllestav?» Gjennom leik utviklar barna kjennskap til naturmateriala, og finn etterkvart ut kva dei ulike materiala kan brukast til. Kunn fantasien set grenser. Flyt denne steinen? Egnar den seg som båt? På denne måten samlar barn erfaringar frå naturmateriala som dei kan ta med seg vidare. Når barna leikar og utforskar naturmateriala kan dei bli meir oppmerksame, og utvikle ein byrjande respekt for naturen gjennom samspel med insekt, dyr og planter (Fredriksen, 2019, s.143- 145).

2.4 Samspelet mellom barn og natur

Vi har no sett på ulike aspekt av barns leik saman med berekraftig utvikling, og korleis vi kan knytte desse to saman. Nokre av dei mest brukte stikkorda er leik, berekraftige pilarar, naturmaterial, aktive vaksne og tilknytning til natur. Siste nemnde er kanskje det stikkordet knyter oppgåva saman. Elliot (2015) fortel at: «Direktekontakt med naturen som barn, kan gi barn og unge en større mulighet for å leve berekraftig, da det gir en dypere mening og opplevelse til et større bilde» (s.47). Samstundes stiller Heggen & Langholm (2019) spørsmålet om tilknytning til natur er ei forutsetning for berekraftig utvikling? (s.169) Dei følger opp med å vise til Carson (1956) som beskriv barns naturkjensle, og korleis barn møter naturen med fasinasjon, begeistring og undring. Carson trekk fram kor viktig det er at barn undrar seg i naturen, og at dette i seg sjølv ofte er viktigare for barna enn å få svar på alle spørsmål. Ho er også ein av fleire som trekk fram viktigheita av tilstandeværelsen til dei vaksne i undringssituasjonar. Vidare fortel ho om viktigheita rundt at barn knyter band med individa som er ute i naturen, og får vete kven desse er. Til dømes å få lære at ein frosk er ein frosk, og ei brunsnigle er ei brunsnigle (Carson, 1956, sitert i Heggen & Langholm, 2019, s.169- 171). Gode kjensler for naturen utviklast over tid gjennom samspel, læring og undring. Med gode vaksne som støtte, kan ein frå tidleg barnehagealder av byrje reisa mot ei berekraftig og miljøretta tilknytning (Fredriksen, 2019, s.154).

3.0 Metode

Eg vil no presentere metodane eg har brukt for å innhente datamateriell til mitt forskingsprosjektet. Vidare vil eg grunngje mitt val av metode og sjå nærare på dei ulike metodane som er brukt i prosjektet. Avslutningsvis vil eg drøfte forskningsetikken i prosjektet og presentere metodekritikken. Målet med desse metodane er å kunne finne et sterkare band mellom barns leik og berekraftig utvikling.

3.1 Val av metodar

For samle inn relevant informasjon om barns leik og berekraftig utvikling hadde eg valet mellom to ulike forskingsmetodar. Desse er kvantitative og kvalitative metodar. Den kvantitative metoden gir data som kan talfestast og tolkast gjennom statiske analyser. Døme på resultat frå kvantitativ metode kan være: «31% av Oslos befolkning kjører el-bil» (Dalland, 2020, s.54). Den kvalitative metoden i motsetning til kvantitative, forsøker å fange opp mengingar og opplevingar som ikkje lar seg talfeste eller måle. Denne metoden omhandlar personlege meiningar. Til dømes: kva tenkjer du om Erna Solberg som statsminister? Begge metodane fokuserer på konkrete svar, og skal gje oss som menneske ei betre forståing av samfunnet vi lever i (Dalland, 2020, s.54-55). Eg har i dette forskingsprosjektet valt å gå for kvalitativ metode, då denne metoden går i djupna for å finne svar på det en lurar på (Dalland, 2020, s.55). Eg ynskjer i dette prosjektet å finne ein djupare forbindelse mellom spørsmål, svar og personlege erfaringar. For å samle inn datamateriale skal eg bruke observasjon og intervju som metodar. I observasjonsdelen skal eg observere ei gruppe barns leik i naturen. I det kvalitative forskingsintervjuet skal eg intervjuje barnehagelærarar om deira erfaringar og personlege meiningar rundt leik og berekraftig utvikling i barnehagen. Etter datainnsamlinga vil eg analysere funn og samanlikne resultatata frå begge desse metodane.

3.2 Metode: kvalitativt intervju

Dalland (2020) definerer kvalitativt intervju som forskarens «forsøk på å forstå verden sett fra intervjupersonens side» (s.67). Ved å bruke denne metoden har eg intervjuet to ulike barnehagelærarar. I dette forskingsprosjektet har eg valt å definere barnehagelærarane mine som informantar. Dalland (2020) hevder at informantar er personar med relevant kunnskap om ulike som emne forskaren ynskjer meir informasjon om (s.67). Eg vel å gje barnehagelærar-informantane mine fiktive namn, Trude frå Månetoppen barnehage og Marius frå

Blomstermarken barnehage. Dette vil bli nemnd fortløpande i resultat -og drøftingsdelen av oppgåva.

For å strukturere intervjumetoden min har eg valt å nytte meg av semistrukturert livsverdensintervju (Kvale & Brinkman, 2015, s.46). Denne typen intervju oppsøker intervjupersonens eigene meingingar og tolkingar om fenomen som takast opp under intervjuet. Ein kan beskrive intervjuet som ein daglegdagssamtale, samstundes som det skal være eit profesjonelt intervju. Definisjonen semistrukturert tyder at det hverken er ein lukka eller open samtale, intervjuet balanserer mellom å være strukturert og ustrukturert (Kvale & Brinkman, 2015, s.46). Dei opne- og livssøkande spørsmåla i intervjuet er ustrukturert, men for å gjere intervjuet tryggare for meg som forskar og mine informantar valde eg å nytte meg av en intervjuguide (som kan sjåast i vedlegg 6). Ein intervjuguide inneheld ulike spørsmål eller tema som en ynskje å ta opp på intervjuet. Dette er spørsmåla er laga på førehand og lagar rammeverket for intervjuet. Spørsmåla er opne å forskaren står fritt til å endre rekkefølge eller struktur undervegs (Løkken & Søbstad, 2013, s.108-109). Med intervjuguiden hadde eg som forskar noko fast å sjå til undervegs i intervjuet.

Til mitt forskingsprosjektet inviterte eg tre barnehagelærarar til å delta på intervju. To av desse valte å takke ja til deltaking, den tredje takka nei. Dei to informantane fekk tilsendt informasjons- og samtykke skjema, i samsvar med retningslinjene til Norsk senter for forskingsdata. For å gjennomføre intervjuet måtte barnehagelærarane signere sitt samstykke til intervjuet og bruken av lydopptak. (samtykkeskjemaet kan sjåast i vedlegg 4). Under intervjuet blei lydopptak nytta for å fange opp heilheita av det som blei sagt. Lydopptakaren fangar opp kjensler, stemmeleie og språknyansar, som ein ikkje hadde fått med seg under et skriftlig intervju (Dalland, 2020, s.91). Som lydopptakar brukte eg min private mobiltelefon. Appen «taleopptak» frå iPhone, var nytta til lydopptaka. Når mobiltelefonen tok opp samtalen, kunne eg som forskar være meir tilstade i sjølve intervjusituasjonen. Eg fekk moglegheita til observere ting undervegs, samstundes som eg kunne gje frå meg bekräftande uttrykk som nikk, smil eller små kommentarar undervegs for bekræfte at eg lytta (Dalland, 2020, s.91-92).

3.3 Metode: kvalitativ observasjon

I barnehagen blir det nytta ulike observasjonsmetodar for å kartlegge. Observasjon er ei viktig kjelde til kunnskap som hjelper oss med å hugse ulike situasjonar, samstundes som det gir innsyn i korleis barnet er i ulike sosiale settingar (Løkken & Søbstad, 2013, s.41). Eg har i dette forskingsprosjektet observert ei gruppe barns uteleik i naturen. Observeringa gjekk føre seg i ein kommunal friluftsbarnehage. Her observerte eg ei gruppe på 10 barn i alderen 3-6 år. Barnas føresette fekk utlevert informasjonsskriv om prosjektet etter anbefaling frå Norsk senter for forskingsdata. (informasjonsskriv kan sjåast i vedlegg 5). I dette skrivet informerte eg om observasjonens anonymitet og at barna ville bli omtalt med fiktivt namn og alder. Til dømes S.g 4.6. S'en er forbokstaven til det fiktive namnet, S for Sondre. Bokstaven r G står for kjønn, G for gut, J for jente, og 4.6 er den fiktive alderen på barnet: 4 år og 6 månadar. Desse fiktive namna vil bli brukt i resultat og drøftingsdelen av oppgåva. Dei føresette blei også informert om kva datamaterialet skulle brukast til og korleis dei kunne kontakte meg ved eventuelle spørsmål. Avdelingsleder og styrar i barnehagen fekk også utlevert informasjonsskriv. Avdelingsleder samtykka til at eg kunne gjennomføre observasjonane på avdelinga.

Når eg observerte nytta eg meg av to observasjonsmetodar som eg har god erfaring med, då begge metodane innhentar mykje detaljert informasjon på kort tid. Den fyrste er praksisfortelling, som er sjølvlagde fortellingar av barn og vaksne om situasjonar i barnehagen» (Løkken & Søbstad, 2013, s. 54). Den andre observasjonsmetoden er løypande protokoll, den har som mål å fange opp mest mogleg detaljar og informasjon på kortast mogleg tid. Her kan en få moglegheita til å observere lenge, og nøye (Løkken & Søbstad, 2013, s. 53). Materiala eg brukte under observasjonane var notatbok og penn. Eg observerte barna på avstand, utan interaksjon i den pågåande leiken. For å få ei betre forståing av observasjonane nytta eg meg av tilnærminga kvalitativ observasjon. Bae (1986) deler den kvalitative observasjonen inn i fire aspekt, i håp om å kunne dokumentere heilheta i ulike observasjonar. Desse aspekta påpeikar kort oppsummert viktigheita av forskarens heilhetlige forståing av observasjonane. Forskaren må under observasjonen være bevisst på eigen rolle og gje fokus til relasjonane og samspelet mellom menneska. Bae peikar også viktigheita av at forskaren ser på prosessen som menneska befinn seg i, og har respekt for denne (Bae, 1986, s.212- 215, sitert i Dalland, 2020, s.106-107). Desse aspekta hadde eit sentralt fokusområde i min rolle om observatør, for å sikre fokuset på dei viktig situasjonane og samspele i observasjonane.

3.4 Ethiske omsyn

For at forskingsprosjektet skal være etisk forsvarlig må eg som student behandle datamaterialet i høve til gjeldande retningslinjer hjå NSD- Norsk senter for forskingsdata. Ved prosjektstart eg meldte inn forskingsprosjektet mitt til NSD og skreiv detaljert korleis eg skulle behandle og oppbevare personopplysningane eg fekk gjennom dei kvalitative metodane. Deretter fekk eg tilbakemelding om at prosjektet mitt hadde etisk forsvarlig databehandling av gjeldande personopplysningar (Dette kan sjåast i vedlegg 7). Det kvalitative intervjuet er godkjent etter NSD sine retningslinjer for personvern. Observasjonsutvalet var ikkje nødvendig å melde til NSD, då dette utvalet er anonymt utan personopplysningar.

Tidlig i prosjektet var eg oppmerksom på at alt av innsamla materiale skulle haldast anonymt. Dei som har tilgang til innsamla datamateriale er meg som forskar og min veileidar. Som forskar og intervjuar kan eg også få tilgang til sensitive opplysningar, som helsetilstand eller politisk bakgrunn. Dette er opplysningar som kan være med på å identifisere en person (Dalland, 2020, s.172). Derfor var eg tidlig ute med å informere informantane mine om anonymisering og det å tilbakehalde sensitive opplysningar i lydopptaket. Jamført med personvernlova blir det lovfesta at «personopplysningar skal behandles på en lovlig, rettferdig og open måte med hensyn til den registrerte» (Personvernlova, 2018, § 2-1 artikkel 6 nr.1 bokstav a). I henhold til dette var begge partar også innforstått med taushetsplikta. Eg som student har taushetsplikt om innhaldet i intervjuet ovafor andre medelevar og medmenneske (Dalland, 2020, s.173). Og mine informantar er bundne av taushetsplikta til Barnehagelova (§ 44, fyrste ledd). Noko som vart presisert i forkant av intervjustart.

Det siste eg informerte om før intervjustart var frivillig samtykke, og mogligheita for å trekke seg i forkant av intervjuet, men også i etterkant. NSD påpeikar at et gyldig samtykke er basert på frivillighet og god informasjon på førehand. Dei som deltar i forskingsprosjektet skal utelukkande skjønne kva dei har begitt seg ut på. Informantane må undervegs kunne vurdere om dei vil avbryte prosjektet, utan å måtte gje noko gyldig grunn. Informantar og deltakande, i dette tilfellet barna og vaksne, skal kjenne seg respektert, hørt og godt ivaretatt undervegs i forskingsprosjektet (Dalland, 2020, s.173-175).

3.5 Metodekritikk

Observasjon var den fyste metoden eg brukte i dette prosjektet og undervegs i datainnsamlinga bemerkta eg meg fleire svakheiter ved gitte metode. Ein av desse var uføresette forstyrningar under observasjonane. Desse forstyrringane var som regel barn utanfor observasjonen som var nysgjerrige rundt kva eg såg på eller noterte. Dette kunne lage ulike forstyrringa både for meg som observatør, men også for barnegruppa eg observerte. Noko anna eg bemerkta meg som nemneverdig er at det ofte kunne være vanskelig å få med seg det store omfanget sjølve observasjonen. Når det gjeld omfanget, lærte eg undervegs å alltid ha med meg ei lita notatbok slik at eg kunne fange observasjonens heilhet der og då. Dette lærte eg basert på erfaringar, der eg observerte utan skrivesaker. Når eg då skulle notere i ned observasjonen i etterkant, hadde eg gløymt mykje av dei sentrale detaljane. Dalland (2020) fortell at det er viktig å kunne fange opp det som skjer eller blir sagt fortløpande rett etter sjølve situasjonen, dette er for å sikre kvalitet og truverdighet i observasjonane (s.108).

For å supplere kunnskap til observasjonane gjennomførte eg også to kvalitative intervju. Planen var å intervju tre barnehagelærar, men ein av desse valte å takke nei. Kvale & Brikman (2015) trekker fram at intervju kvalitet omhandlar enkeltpersonens kvalitetar og korleis ein som forskar innhentar datamaterialet gjennom intervjuet. Desse kvalitetane avgjere kor mykje bra datamateriale en får (s.197-198). Ut i frå innsamla materiale vurderte eg at kvaliteten på dei to intervju var nok til å analysere problemstillinga. Sjølv om eg fekk mindre deltakara i forskingsprosjektet, hadde eg god nok kvalitet på dei to intervju eg hadde gjennomført.

Ved gjennomført datainnsamling ser eg tilbake på dei ulike aspekta ved den kvalitative metoden. Dalland (2020) påpeikar at det er viktig å vurdere bruken av metode og om brukte reiskapar var nok til å svare på problemstillinga (s.57). Den kvalitative metoden fangar opp kjensler og meiningar hos informantane, noko som kan by på nyttig og variabelt datamateriale. Sidan kjenneteiknet på kvalitativ forskingsmetode er erfaring og kjenslebasert kunnskap, kan en stille seg spørsmål bak validiteten til innsamla datamateriell. Validitet tyder gyldigheit (Dalland, 2020, s.89). Eg som forskar må undervegs vurdere kvaliteten på innsamla datamateriell. Eit anna krav til innsamla materiell er reliabilitet, som vil seie kor nøyaktig metoden måler det ein er ute etter å få svar på (Løkken & Søbstad, 2013, s.123). Når en samlar inn forskingsmateriell gjennom denne metoden må en passe på å stille seg kritisk til det som blir sagt. Ved eventuelle intervjusvar kan det være at informanten endrar eller pyntar på svara, for å kunne gje et betre pedagogisk bilde av virksomheita eller egne erfaringar. Denne

moglegheita må vurderast i et kvart tilfelle, men alt sporast tilbake til kva spørsmål en vel å stille i forskingsintervjuet (Kvale & Brinkman, 2015, s.281). Observasjonsmetoden har også ei liknande problemstilling. Dalland (2020) trekker fram forskningseffekten som inneberer etter sitat «at personer som vet at de blir observert, kan tenkes å opptre annerledes enn det de ellers ville ha gjort» (s.125). En kan då stille spørsmål bak observasjonen eller forskingsmetodens validitet. Då små forstyrningar kan endre heilheten i observasjonsbilete.

4.0 Resultat

I denne delen av oppgåva skal eg presentere resultatet av innsamla datamateriell. Eg vil byrje med presentere resultata frå dei to intervju. Her vil eg presentere barnehagelærarane kvar for seg og dele svara deira inn i tre kategoriar, som vil være hovudfokuset. Deretter vil eg presentere tre relevante observasjonar, som eg seinare skal drøfte opp mot intervju.

4.1 Analyse av intervju: Marius

4.1.1 Leik i naturen

I Marius' sitt pedagogiske grunnsyn står leik sterkt, han fortell at barn=leik. Marius poengterer at han likar å leike, sjølv om han ikkje gjekk i barnehage. Marius tok i dette intervjuet utgangspunkt i barna på si førskuleavdeling. Han fortell at barna er flinke til å leike, og henviser til leik i naturen. Marius trekk fram at trygge barn går rett i leik, fordi dei stolar på at dei vaksne er der og legg til rette for et trygt leikområde. Marius' syn støttast av Lillemyr (2020) som påpeikar att tryggheit er heilt avgjerande for leik. Når et barn kjenner seg trygg, tørr det å utforske (s.37). Marius fortell at når tryggheita er på plass kan barna utforske naturen og leike fritt, aleine eller saman med andre. Her frå vil kjenslene for naturen bli sterke. Nokre barn balanserer på ein stubbe, nokre er på utforskartur og nokre bygger hytte, fortell Marius. Han fortell vidare at barn leikar ut inntrykka sine for å forbrede seg til livet, og at ein derfor kan sjå mange viktige samfunnsroller i rolleleik. Marius planlegg ofte aktivitetar som barna skal gjennomføre ute i skogen eller på tur, han har til dømes ofte med seg naturlotto. Desse aktivitetane blir det som regel ikkje blir noko av, då barna «sluker» turområdet og setter i gang med leik på eige initiativ. Han trekker fram at barna har brukt eit skeivt tre til sjørøvarskip og ei grop i bakken som nissehole. Marius trekk fram at han er ein planleggar, men at han ofte må skrote planane til fordel for barns frie fantasi.

4.1.2 Berekraftig utvikling i barnehagen

Marius er oppteken av naturen og vil overføre dei same verdiane til barna. Han ynskjer at barna skal få det same gode forholdet til naturen som han sjølv har. Blir ein glad i naturen vil ein automatisk tenke natur når en blir større, fortell han. I barnehagen har dei et årshjul for å sikre at dei kjem innom alle fagområda i rammeplanen (2017). Dei slår saman to og to fagområde, gjennom året, til dømes har dei slått saman berekraftig utvikling og natur, miljø og teknologi. Marius fortell at dei har årlege ryddeturar før 17 mai, der dei plukkar søppel rundt barnehagen. Fokuset på avdelinga ligg også på å bruke nærområdet aktivt, samstundes som dei er opptekne

av å overføre verdiar og haldningar. I Blomstermarken øver dei også på deltaking og demokrati, dei har til dømes avstemming om kvar dei skal gå på tur.

Marius fortell at dei kjeldesortera på avdelinga, det vil seie å «sortere avfallet i ulike kategorier og komponenter» (Heggen & Langholm, 2019, s. 201). Til døme plast, papp og restavfall. Dei har også fokus på mat og planting i barnehagen. Barna i 3-4 års alderen får være med på å plante til dømes grønsaker, urter og frukt kvart år. På hausten når dei er større får dei være med å hauste vekstane, med fokus på temaet frå jord til bord. Dei har også fokus på kropp, verdensrommet, natur, jordkloden, jord og insekt. Marius fortell at han har vist barna NRK programmet planetpatruljen som er eit «miljøprogram for dei yngste» (NRK, 2017) og at barna leikar mykje rundt dette programmet. Marius ynskjer også å fokusere på naturkjensla. Når du er ein plass og har det bra, sitter ein igjen med gode kjensler for den plassen. Håpet er at barna i etterkant ynskjer å ta vare på denne plassen, avsluttar han.

4.1.3 Artskunnskapar

Marius er oppteken av å sette namn på dyr og levande ting i naturen. Holter og Langholm (2014) drar fram viktigheita av grunnleggande naturkunnskap om barna skal bli meir miljøbevisste. Å bli kjent med naturens mangfald saman med vaksne er viktig, herifrå kan barna lære om naturen og korleis ein tar vare på den (Holter & Langholm, 2014, sitert i Langholm et al., 2017, s.79). Marius påpeikar at barna er opptekne av dyr, både store og små. Marius er oppteken av å gripe augeblikka til å fortelle barna om dei ulike dyra i naturen, slik at barna kan knytte det dei ser i naturen til noko konkret. Til dømes dette er ikkje en fugl, men ei lineerle og desse bæsjar mykje. På denne måten håpar han at barna skal bli glad i dyr og insektet, slik at dei seinare ynskjer å verne om desse. Han fortell at om ein kan namnet på noko, er det større sjanse for å kunne ha medkjensle med akkurat dette dyret eller planten. Å bli kjent med dyr kan føre til kritisk tenking hjå barn, og ei byrjande forståing for korleis dyr og menneske lever på joda (Buvang, 2019, s.78).

4.2 Analyse av intervju: Trude

4.2.1 Leik i naturen

Trude påpeikar at ho som person er særers leiken. Ho legg spesielt vekt på uteleik i kvardagen, då ho har erfaring frå friluftsbarnhage. Trude fortell at når barn er vandt med natur, finn dei automatisk leikeområde og leikematerial. Ho drar fram at den gode leiken kjem i rein natur, sjølv om barna elsker strukturerte leikeplassar. Vidare fortell ho at barn lever livet gjennom leik og «leikar ut» opplevingane sine på godt og vondt. Lillemyr (2020) trekker fram at barn leikar for å lære seg sjølv å kjenne. Leiken styrkar identiteten og sjølvoppfatninga, samstundes som barna undervegs finn ut kva dei er i stand til å mestre (s.31).

Trude kjem også med teorien om at det er mindre konflikthar i naturleik. Trude trekker fram at leiken i naturen framstår som meir inkluderande, då det er mindre slåsting om til dømes bøtter og spader. Barna har i staden mange hundre kongler å velje mellom. Denne observasjonen av Trude stemmer overeins med Osnes, Skaug & Kaarby (2015) som seier at barnehagelærar rapporterer om eit betre sosialt miljø ute i naturen. Dei vaksne oppgir at det er mindre konflikthar mellom barna når dei er ute i naturen, enn når dei er inne i på avdeling. Det blir også rapportert om betre leikmønster og meir innkludering på tvers av kjønn (s.212). Trude fortell vidare at ho ikkje legg til rette for leik i naturen då barna har nok kompetanse til å bruke naturen slik som den er. Ho trekk fram et døme der barn leikar butikk, med kongler, stein og bark. I denne butikken hadde dei alt frå mat til kosmetikk. Ho trekk også fram eit døme der barn har «flydd» til Spania på ein gammal stubbe. Barnas fantasi er uendelig, og Trude oppfattar at barna treng mindre strukturerte leikar i naturen.

4.2.2 Berekraftig utvikling i barnehagen

Trude fortell at Månetoppen barnehage delar opp fagområda i rammeplanen (2017) slik at dei jobbar med et fagområde per månad. Når eg vidare spør Trude korleis dei jobbar med berekraftig utvikling i barnehagen kjem ho med et litt meir kritisk synspunkt. Ho meiner at berekraftig utvikling kan være ei fallgruve for å gje barna dårleg samvit og som vaksne skal vi ikkje legge miljø problematikken over på barnas skuldra. Dette er interessant for Tucci, Mitchell & Goddard (2007) utførte ein studie med Australske barn, og der fann dei ut at fleirparten av barna trudde at verda kom til å gå under i deira levetid. (Tucci, Mitchell & Goddard, 2007, sitert i Robinson & Vaealiki, 2015, s.111). Så Trude har tydeleg sett seg inni kva konsekvensar berekraftig utvikling i verste fall kan ha for barn. Samstundes trekk ho fram

at barn er opptekne av å ta vare på naturen. Det som er fysisk tydeleg plagar barn, til dømes forsøpling. Mykje av kunnskapen barna har kjem frå foreldre, men også tv, avsluttar Trude.

Trude trekk fram at berekraftig utvikling også handlar om psykisk helse, og at mange barn ikkje er så mykje ute i naturen slik som ein skulle tru. Skarstein & Skarstein (2019) seier at vaksne og barn tilbringar mykje mindre tid ute i naturen i dag, en kva dei gjor tidlegare. Dei peikar på at ein medskuldande faktor kan være at vi har mindre natur tilgjengelig (s.141-142). Dette er noko som står nært til Elliot (2015) sin teori om den aukande urbaniseringa. Vi menneske flyttar til større byar og omgir oss mindre og mindre med naturen (s.38-39). Det er faktisk slik at vi menneske trekk mot større byar, og Chawla (2002) fortel at heile 75% av befolkninga i Europa, Nord- og Latin Amerika allereie bur i urbane område (Chawla, 2002, s.15).

Det er det viktig naturen er tilgjengeleg for barn, også dei som bur i byar. Kva som definerast som natur kjem ann på bakgrunnen til kvart enkelt barn. Elliot (2015) fortell at fleire barn brukar trafikkerte gater til leik i staden for naturen, og at dette kan ha påverking til kor vandt barna blir til å være ute i naturen (s.39) I Noreg tenkjer vi gjerne at naturopplevingar er erfaringar vi får i urørt natur. Vi gjere ting forskjellig, og har forskjellige forutsetningar. Nokre av oss har naturen lett tilgjengeleg, mens andre bur i byar og har lengre reisevei til fri natur. Samstundes er dette et alvorleg perspektiv, då mindre tid i naturen fører til at forholdet til naturen blir svekka (Skarstein & Skarstein, 2019,s.142). Avslutningsvis kan vi stille spørsmålet; korleis kan vi motivere barn til å ta vare på noko som dei ikkje er kjende med? Positive minner frå natur kan rettferdiggjere innsatsen for å ta vare på naturen (Chawla, 2006, sitert i Heggen & Langholm, 2019, s.176).

4.2.3 Artskunnskapar

Trude fortell at barn tileignar seg kunnskap om dyr fordi dei ferdast i naturen, samstundes utviklar dei også samvit og omsorg for dyra dei møter. Ho nemnar at barna plukkar søppel i naturen for å beskytte dyra, slik at dei til dømes ikkje skal kutte seg. Heggen & Langholm (2019) fortell at mange av dei gode læringssituasjonane ute i naturen kjem frå barnas eigen nysgjerrigheit, knytt til å observere naturens mangfald. I desse situasjonane er det viktig med vaksne til stades som legg til rette for læring, slik at barna blir kjent med naturen og dens unike mangfald (s.173). Trude kjem med eit døme på at sjokolade ikkje berre kjem frå sjokoladefabrikken, men frå trea i naturen. Samstundes skal ikkje barna være ferdig utlært i frå barnehagen, men dei skal være meir bevisst, påpeikar ho. Dei skal til dømes vete namn på ulike

fuglar, men ikkje kunne namnsette alle dyr dei ser. Trude fortell ei historie om et ekorn som prøvde å stele en matboks, barna blei inspirerte etter dette til å lære meir om ekornet. Trude avsluttar med å poengtere gleda av at barna får observere slike situasjonar i det ekte liv og ikkje berre på tv.

4.3 Analyse av observasjon

Observasjon #1

I den fyrste av dei tre observasjonane (vedlegg 1, observasjon #1) var det tre gutar som leikte i skogen. Gutane leikte ein krigarleik der konglar var bomber, pinnar var ninjasverd og eldspyd. Odegard (2015) har tidlegare fortalt at naturmaterial gir barna større mogligheit for å fantasere og førestille seg ting (s.196). Leik med naturmaterial er noko alle barn erfara gjennom livet. Når barn leikar med uforma naturmaterial kjem fantasi fram. Desse materiala har mange kvalitetar og kan by på utfordringar. Derfor lyt den som brukar desse naturmateriala ty til problemløysing. Kva kan vi bruke desse materiala til? Barna i fortellinga finn til dømes ut at kongler kan brukast som bombe, då dei er små, lette og kan minne om ei bombe i fasong (Fredriksen, 2019, s.144). På andre sida har A.g 4.2 og M.g 5.2 vurdert at pinnar kan være kandidatar for spyd og sverd. (Fredriksen, 2019, s.145). Her kjem Affordance begrepet inn, det betyr «de invitasjoner et barn oppfatter at naturen gir dem» (Heggen & Langholm, 2019, s.178). Døme på desse utforskar metodane kan være invitasjon til nysgjerrig leik eller utforskning. Barna i observasjonen utforskar her pinnen, og brukar fantasien til å finne ut kva denne pinnen kan tilby. Nysgjerrig leik i naturen vil være med på utvikle barnas kjensler og verdiar for naturen (s.178).

Observasjon #2

I observasjon #2 (vedlegg 2) har vi fleire likheitstrekk med observasjon #1. Dette er fordi begge observasjonane omfattar fantasileik med naturmaterial. I denne observasjonen møter vi S.j 3.8, M.j 3.9 og J.g 4.2 som leikar sjukehus i skogen. I leiken brukar dei ein pinne til temperaturmålar og ein stein som sprøyte. Elliot (2015) trekker fram at naturmaterial er opne, kunn fantasien sett grenser. Ho trekker fram at rolleleik som ekte arbeid, er leik som gir barn moglegheit til å utvide barndomen og utforske dei viktige rollene vi har i samfunnet. Til dømes bonde, butikktilsett, tømrrar eller (som i observasjonen) lege (s.45). Barna i observasjonen tar truleg utgangspunkt i eigne erfaringar frå tidlegare legebesøk. Dette kan ein sjå når dei målar temperatur, gir omsorg til den sjuke og finner ei eventuell behandling, som då er «sprøyta». Denne typen leik er eit viktig kultur og samfunnsfenomen. Den bidrar til nye verdiar og læring, som kanskje vil komme barna til nytte seinare i livet. Både som forståing av vaksenlivets verdiar, men også den grunnleggande forståinga av samfunnet (Lillemyr, 2020, s.36).

Observasjon #3

Avslutningsvis har vi observasjon #3 (vedlegg 3). Her møter vi D.g 4.6, L.j 4.9, J.g 4.2 og ekornet. Her viser barna gode artskunnskapar om ekornet som art. Dei veit kva ekornet et, men også at ekornet treng ekstra mat til vinteren. Skarstein & Skarstein (2019) fortel at artskunnskapar handlar om å kjenne til korleis en spesifikk art lever. Artskunnskap er viktig for å skjønne samanhengen og samspelet i naturen (s.140). Det å kunne definere ulike artar kan være med på å auke barnas naturoppleving (Heggen & Langholm, 2019, s.171). Barna drar også inn sine leikkunnskapar når dei skal hjelpe ekornet med å samle inn mat. Dei forbinder då ekornet med nøtter, og assosiera automatisk at dei må hjelpe ekornet med dette. Under leik stimulerer barna sine egne assosiasjonsevner, slik at naturfenomen som dette blir enklare å koble saman (Fredriksen, 2019, s.67). Eit anna døme på assosiasjonar er at barna veit at må dei snakke lavt, då dei veit at ekornet kan bli skremt av menneske som bråkar for mykje. Rammeplanen (2017) fortell at «barna skal få erfaring med å gi omsorg og ta vare på omgivnadene og naturen» (Udir, 2017, s.10-11). Derfor er desse naturopplevingane gull verdt når dei gir barnas fyrste handskunnskap om korleis ekornet ferdast i naturen (Langholm et al., 2017, s.39).

5.0 Diskusjon

Trude og Marius er to erfarne barnehagelærar. Dei jobbar begge på storbarnsavdeling i kommunale barnehagar og har lang erfaring med naturopplevingar og barns leik. Eg vil no samanlikne intervju av dei to informantane å sjå på likskapar og ulikskapar. Desse vil bli presentert i kategoriar, slik som i forrige del. Etter endt samanlikning av intervju vil eg underbygge intervjuvara med observasjonane og drøfte dette opp mot teoretisk rammeverk.

5.1 Samanlikning: Leik i naturen

I kva grad informantane la til rette for leik i naturen var noko ulikt. Marius var oppteken av å legge til rette for leik, og nemnte at han likte å planlegge ulike aktivitetar som skulle gjennomførast ute i naturen. Sjølv om desse som regel ikkje blei noko av. Trude stolte på si side meir på barnas intuisjon og fortalte (som nemnd) at når barn er vandt med natur, finn dei automatisk leikeområde og leikematerial. Trude sa vidare at ho ikkje legg til rette i noko særleg for leik i naturen, då barna har nok kompetanse for å bruke naturen slik som den er. Marius er meir en planleggar av pedagogiske opplegg i naturen, mens Trude setter lit til sine barn og veit at dei har kompetansen til å utnytte naturen på eigenhand. Marius fortalte at dei planlagde opplegga hans gjekk ut til fordel for barnas ønsker, men han går ikkje noko nærare inn på korleis han la til rette for leik i naturen utanom pedagogiske opplegg. Dette vil sei at han i praksis har mykje same tilnærminga som Trude, altså at barna utforskar naturen på eigen hand. Skilnaden er at Marius gjer dette noko meir ubevisst då han har en planlagt noko på førehand. O’Gorman (2015) fortell at ein tidlegare antok at barn utforska naturen best på eigenhand, men no i seinare tid har det blitt bevist at barn får betre utbytte av undringsprosessar i naturen ved støtte frå vaksne (s.221). I etterkant av å sett på korleis dei to informantane tilrettelegg for leik i naturen kan vi sjå forskjellar. Samstundes er det likskapar som til dømes fortalte begge at barn leikar ut sine opplevingar og for å lære seg sjølv å kjenne (Lillemyr, 2020, s.31). Begge to omtalte seg som sjølvleikande personar som verdseter leiken høgt, samstundes gjekk hverken Trude eller Marius noko djupt inn på viktigheita med vaksne som støtte under leik i naturen.

Leik bringer fram positive kjensler hos barn, og positive kjensler er noko vi ynskjer å bevare når vi blir vaksne (Heggen & Langholm, 2019, s.187). Vi kan sjå desse kjenslene i kontekst med berekraftig utvikling. Tar vi leik i naturen er håpet at barna får gode opplevingar i naturen. På denne måten vil dei sjå verdien av sjølvleik i naturen. Det ein leikar i og rundt gjer oss kjensler. Det treng ikkje være natur, men til dømes leikehytta eller huset til. Når vi legg til rette for desse

positive kjenslene er håpet at framtidige endringsagentar skal bli skapt (Grindheim et al., 2020, s.3). Samstundes som vi legg til rette for dette må vi tenke på korleis denne endringar varar. Det er ingen garanti for at bevaringslysta varer evig, og vi må sjå kor sterkt leiken står hos barnet i forhold til andre verdiar. Nyare studiar viser at barn som brukar meir tid ute i naturen er både lykkelegare og sunnare, samtidig er det uttrykt bekymring for meir asfalt på uteområder og større høgblokker (Høseggen, 2020). Korleis skal ein bevare dei gode minna, når skogholtet blir til byggefelt?

5.1.1 Observasjon

Trude tok opp ideen om at leik ute i naturen er meir inkluderande og inneheld færre konflikhtar. Dette var en interessant tanke som passar med det Osnes, Skaug & Kaarby (2015) fortell. Ser vi til observasjon #1 (vedlegg 1), kan vi sjå at H.g 5.6 kjem litt uventa inn i leiken. Vi kan lese A.g 4.2 og S.g 4.6 ser på kvarandre et sekund og vurderer referansen H.g kom med, «pass dåke eller så knuser eg dåke med Iron man hansken min!». Barna tok innspelet hans til vurdering før dei kom til einigheit om å inkludere H.g 5.6 i leiken. Ein kan sjå dette som eit eksempel på at leik i naturen er inkluderande, men for å vere heilt sikker må ein sjå tilsvarende situasjon med dei same barna i barnehagen. Dette er likevel eit eksempel som støttar Trudes teori. Trude har truleg observert dette mønsteret over tid for å kunne tileigne seg denne kunnskapen. Naturen er en open arena for læring og leik, og denne observasjonen var et døme på akkurat dette (Osnes et al., 2015, s..212)

Begge informantane gjer barna frie tøyalar til leik og utforsking i naturen, trass forskjellar. Marius trekk fram at barn på tur i skogen ofte «sluker turområdet» og går rett i leik. Behovet for strukturert leikområde er minimalt. Marius påpeikar at barna har leikt sjørøvarskip på et nedfelt tre. Trude trekk fram et døme på at barna har flydd til Spania på et nedfelt tre. Samstundes kan vi spørje oss om det berekraftig å «fly» til Spania? Er det verdien i leiken som står sterkt eller er det turen til Spania i fjord sommar? Forsking viser at nordmenn ikkje ynskjer å gje opp flyreiser, sjølv om vi veit kva det kostar naturen. Til døme: «På en tur til London står du ansvarlig for cirka 500 kilo CO2-ekvivalenter ut i atmosfæren. Det er like stort klimagassutslipp som tre måneders gjennomsnittlig bilkjøring» (Dæhlen, 2018). Noko som tilseier at haldningane til oss menneske står sterkt. Sjørøvarleiken kan forsatt gje positiv tilknytning til naturen, men at det er knytt uvisse til kva grad leiken bidreg til berekraftig utvikling.

5.2 Samanlikning: Berekraftig utvikling i barnehagen

Både Marius og Trude la til rette for berekraftig utvikling i barnehagen, då dei gjennom intervjuet kom med konkrete eksempel. Begge hadde også delt rammeplanen (2017) inn eit årshjul for å komme best muleg innom alle fagområda. Om vi ser på måten dei formidlar berekraftig utvikling i barnehagen, kan ein sjå at Trude har ein meir avslappa holdning. Ho set sin lit til barnas intuisjon, som vil seie at ho stolar på at barna ser heilheten i dei ulike situasjonane og er reflektere rundt arbeidet i barnehagen. Marius derimot er meir oppteken av å overføre sine kunnskapar og verdiar til barna. Han bruker undervisning som strategi når det gjeld å lære barna om berekraftig utvikling. Barna på hans avdeling sorterer søppel, går på ryddeturar og har ulike tema gjennom året som kroppen min, jordkloden og insekt. Davis (2015) støtter Marius sine verdiar og fortell at det å lære barn om berekraftig utvikling skal være gøy. Samtidig det skal det motivere barna til å bli problemløysarar og sjefsagentar i eige miljø (s.23).

Trude har i motsetning til Marius sett på et meir kritisk syn for berekraft. Ho har gjennom leiken valt å stole på barnas intuisjon og har gjennom observasjonar lært at barna kan bruke naturen på eige initiativ. Trude hadde mykje motstridane synspunkt om berekraftig utvikling og kom lite inn på kva dei faktisk jobbar med i barnehagen, men ho nemner psykisk helse som en viktig faktor i motsetning til Marius. Forsking tyder på at psykiske problem oppstår i tidlegare alder enn ein trudde før, og at barn må bære på fleire problem og tankar enn tidlegare. Mange av barna bærer også desse opp gjennom vaksenlivet (Australian Institute of Health and Welfare [AIHW], 2012 sitert i Cooke, 2015, s.165). Trude nemner også at barn tileignar seg mykje kunnskap frå tv. Både gjeldane naturkunnskapar, men også ulike roller av både dyr og menneske som ho ser igjen i leik. Marius fortell at han også bruker tv eller videosnuttar relatert til berekraftig utvikling for å tileigne barna kunnskap.

5.2.1 Observasjon

Det er ikkje alltid lett å koble berekraftig utvikling til leik, då barna ikkje leikar berekraftige ting, men vi kan sjå arbeid med berekraftig utvikling i samheng med leik. Med tanke på utvalte observasjonar er det ingen av desse som direkte kan koblast med berekraftig utvikling og arbeid med dette i barnehagen. Samstundes kan vi koble noko av det over nemnde til observasjon #2, sjukehusleiken. I denne leiken oppfatta eg at barna tok utgangspunkt i egne erfaringar under leik, etter inspirasjon frå tidlegare legebesøk. Dette er fordi dei eksempelvis setter sprøyte og målar temperatur. Barna leika her ut sine tidlegare erfaringar og tar inspirasjon frå ei samfunnsrolle (Lillemyr, 2020, s. 36). Mykje tyder på at barns leik ofte er nært forbunde

med inspirasjon frå egne opplevingar i livet (Lillemyr, 2020, s. 39). Leontjev miljøorienterte teori påpeikar viktigheita av gode vaksne som rollemodellar for leik, vidare påstår han at leiken ikkje er en spontan, men basert på erfaringar frå eige liv (Lillemyr, 2020, s.135). Erfaringar frå eige liv kan komme frå verkelegheita eller tv, som Marius fortell leikar barna mykje rundt program dei ser på tv. Sjølv om Elliot (2015) ser kritisk på den stadige digitaliseringa i ung alder. Det er tydelig at dette pregar oss alle som menneske (s.40). Samstundes kan digitale program eller læringsplattformer være nyttige når det gjeld å lære barn berekraft. Samstundes kan dei også få innblikk i kva som skjer i verden, eller viktigheita av dei ulike samfunnsrollene gjennom barnevennlig tv.

5.3 Samanlikning: Artskunnskapar

Både Trude og Marius påpeikar at barn er opptekne av dyr i ulike størrelsar. Trude fortell at barn tileignar seg kunnskap om dyr fordi dei ferdast i naturen. Marius er oppteken av at barna skal kunne koble dyra i naturen til noko konkret. Slik at dei får et forhold til det dei ser ute i naturen. Begge informantane at dei har et aktivt fokus på å lære barna artskunnskapar når dei er ute i naturen. Artskunnskap er et tema som sitt nært naturfag. Naturfag i barnehagen er barn utforskar omgivnadane sine med nye auge. Det er her dei store spørsmåla kjem fram: kor kjem regnet frå? Og kvifor detter ikkje skyene ned frå himmelen? Naturfag i barnehagen handlar ikkje om å vite, men blir kjent med å prøve å finne ut korleis naturen og verda fungerer (Langholm et al., 2017, s.11-12). Trude fortell at barn tileignar seg kunnskap om dyr fordi dei ferdast i naturen, samstundes utviklar dei også samvit og omsorg for dyr og insekt dei møter ute i naturen. Ho nemnar ein døme til at barna plukkar søppel i naturen for å beskytte dyra.

Trude kommenterer at barna skal ha basale kunnskapar om kvar visse dyr heiter og kvar dei kjem frå. Sjølv om kjærleiken til dyr er stor, er det ingen av informantane som koblar artskunnskap til nærværet av leik. Leik er en grunnleggande måte å utforske naturfenomen på. I forhold til artskunnskap kan en dra inn leik som omhandlar dyr. Til dømes Bjørnen sover, her får en inn leiken, samstundes som at en kan lære barna at Bjørnen går i dvale om vinteren (Langholm et al., 2017, s.56). Artskunnskap i seg sjølv står sterkt, men ingen av informantane såg begrepet i samanheng med leik.

5.3.1 Observasjon

Ein kan sjå samanlikninga i samanheng med observasjon #3. Her er det tydelig at barna har artskunnskapar om ekornet då dei veit kva ekornet et og at det treng ekstra mat til vinteren. Samstundes kan ein ikkje sjå på dette som et eksempel på generell god artskunnskap, då ekorn eit dyr som ferdast mykje i naturen, samt at ekornet er ein sentral rollefigur i barnelitteraturen, til dømes i Hakkebakkeskogen av Torbjørn Egner (Cappelen Damm, u.å). Får å kunne stadfeste god artskunnskap hos barna må det observerast over lenger tid for å kunne kartlegge barnas artskunnskapar. Samstundes ser vi her at barna har gjort ekornet om til ein leik, dei brukar då sine artskunnskapar for å skape leik. På denne måten blir barna betre kjend med ekornet og korleis ekornet lever. Langholm m.fl hevdar at om ein tidleg blir glad i naturen og blir kjent med nærmiljøet og dyra som bur der, så er sjansen større for å danne haldningane og verdiane som trengst for å beskytte den (Langholm et al., 2017, s.81). Ved hjelp av kunnskapsrike vaksne, kan barna få tilført ny kunnskap som kan endre deira syn på naturen og korleis vi ferdast i den. Dette kan kanskje føre til ei kjensle av å ville ta vare på ekornet ute i skogen. (Heggen & Langholm, 2019, s.188)

6.0 Konklusjon

Formålet med denne oppgåva var å finne ut om leik kan kvalifiserast som tilknytning til berekraftig utvikling. Vi har no analysert og diskutert ulike tema innan leik og berekraftig utvikling. Det viser seg gjennom forskingsprosjektet at berekraftig utvikling er tilstades i barnehagen. Ved hjelp av observasjon kunne eg sjå berekraftige samanhengar i leik, både via utforsking av naturmaterial (sjå observasjon #1 og #2) eller kunnskapar om naturen (sjå observasjon #3). I observasjonane kunne vi sjå barn som nytta seg av naturmaterial og viste fram artskunnskapar.

For å belyse observasjonane mine fekk eg hjelp av to informatantar. Begge informantane la vekt på at leik i naturen er viktig, samsrundes oppfatta dei berekraftig utvikling forskjellig. Ein ting dei hadde til felles var at dei begge hadde problem med å koble berekraftig utvikling til leik. Som regel vart desse presentert som to separate begrep. Når det gjeld dei berekraftige pilarane var det ingen av informantane som hadde konkret fokus på dette. Trude var innoom berekraftig utvikling som ein del av psykiske helse, som igjen kan koblast til sosialkulturell berekraft (Langholm et al., 2017, s.77), og Marius nemnde fokus på demokrati, noko som kan knytast til den politiske pilaren (Grindheim et al., 2020, s.6). Begge informantane nemnde gode opplevingar i naturen og bar lit til barnas intuisjon om bruk av natur. Dei kobla då saman glede av å være i naturen til håpet om at barna ein dag skal ynskje om å ta vare på den (Heggen & Langholm, 2019, s.187- 188). Begge informantane var einige om at leik i naturen var til stor glede for barn og at det hadde mange positive fordelar, samstundes nemnde ingen av dei viktigheita av den aktive vaksne i undringssituasjonar (Heggen & Langholm, 2019, s.181).

Konklusjonen i forhold til problemstillinga er uvisst. Mykje tyder på at berekraftig utvikling er eit begrep som ikkje er sjølvsgatt i barnehagen. Det trengst vaksne som tilfører barna kunnskap, gjennom ulike metodar. Til dømes Trude som lar barna lære meir fritt eller Marius som har en meir undervisningsprega måte å formidle berekraftig utvikling på. Kva som er den beste måten å formidle berekraftig utvikling på er usikkert, og det er tydelig vanskelig å konkretisere leik som en aktiv komponent til læring for berekraftig utvikling. Avslutningsvis vil eg understreke at eg ikkje har klart å kvalifisere leik som ein tilnærming til berekraftig utvikling, men eg ser at barna leikar med naturmaterial og brukar mykje tid i naturen. Barna viser kunnskapar om artar og brukar fantasien til å nytte seg av det naturen har å tilby (Skarstein & Skarstein, 2019, s.140). Behovet for vidare forskning innan gitte tema er høgst aktuelt. Hovudgrunnen til manglande

konklusjon er for lite konkret datamateriell. Til dømes observasjonen med ekornet og barna. Har barna gode artskunnskapar eller har dei berre kunnskap om ekornet? For å bevise barnas kunnskap rundt artar trengst det meir observasjon rundt kva naturfaglege kunnskapar dei sit med. For å kunne svare på problemstillinga trengst det meir forskning over lengre tid. Samstundes kan vi sjå at leiken er viktig for barn. Der fins også indikasjonar på at leik kan være eit nyttig verktøy, i arbeid med berekraftig utvikling i barnehagen (Heggen & Langholm, 2019, s.173).

7.0 Litteraturliste

- Barnehelova. (2006). Lov om barnehager (LOV-2005-06-17-64). Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Bergan, V. (2019) Hvordan kan økologisk dyrkning bidra til bevissthet om bærekraft? I Bjørndal, K. E. W. (Red.). (2019). *Bærekraft i praksis i barnehagen*. (1.utg). Oslo: Universitetsforlaget.
- Biesta, G.J.J. (2010) *Good education in an age of measurement*. (1.utg). New York: Routledge.
- Bjørndal, K. E. W. (Red.). (2019). *Bærekraft i praksis i barnehagen*. (1.utg). Oslo: Universitetsforlaget.
- Buvang, H. (2019). *Barn som prosjektledere og aktører for bærekraft*. I Bjørndal, K. E. W. (Red.). (2019). *Bærekraft i praksis i barnehagen*. (1.utg). Oslo: Universitetsforlaget.
- Cappelen Damm forlag. (u.å, u.d). *Hakkebakkeskogen*. Henta frå: <https://www.cappelendamm.no/cappelendamm/barneboker/article.action?contentId=122942>
- Carson, R. (1956, Juli). Help your child to wonder. Woman's home companion. Henta frå: https://rachelcarsoncouncil.org/wp-content/uploads/2019/08/whc_rc_sow_web.pdf
- Chawla, L. (2002). *Cities for Human Development*. I Chawla, L. (Red.) *Growing up in a Urbanizing World*. (1.utg). United Kingdom: Routledge.
- Cooke, S. (2015) Healthy and sustainable environments for children communities. I Davis, Julie. M. (2015) *Young children and the environment- Early education for sustainability*. (Second edition). United Kingdom: Cambridge University press.
- Dalland, O. (2020) *Metode og oppgaveskriving*. (7.utg) Oslo: Gyldendal.
- Davis, J.M. (2015) What is early childhood education for sustainability? I Davis, Julie. M. (2015) *Young children and the environment- Early education for sustainability*. (Second edition). United Kingdom: Cambridge University press.
- De forente nasjoner. (2019, 15. Januar) bærekraftig utvikling. Henta frå: <https://www.fn.no/tema/fattigdom/baerekraftig-utvikling>
- Dæhlen, M. (2018, 17. juli). Nordmenn vil ikke slutte å fly, selv om vi vet det skader miljøet. *Forskning.no*. Henta frå: <https://forskning.no/transport-luftfart/nordmenn-vil-ikke-slutte-a-fly-selv-om-vi-vet-det-skader-miljoet/1190622>
- Eikset, A. (2019, 9. juni) Å være og bli økoborgere. Henta frå: <https://blogg.hvl.no/educationforsustainability/a-vaere-og-bli-oko-borgere/>
- Elliot, S. (2015) Children in the natural world. I Davis, J.M. (2015) *Young children and the environment- Early education for sustainability*. (Second edition). United Kingdom: Cambridge University press.
- Fredriksen, B. C. (2019) *Før sanden renner ut*. (1.utg). Oslo: Universitetsforlaget.
- Grindheim, L. T., Bakken, Y., Gislefoss, T., Hauge, K. H & Heggen, M. P. (2020). Lekende endringsagenter i bærekraftige barnehager i L. T. Grindheim & G. Aaserud (red.) *Barnehagelæren - en verdibygger*. Fagbokforlaget: Bergen
- Haugen, A.S. (2019). Økologisk bærekraftig utvikling. I Kasin, O. (Red.). (2019). *Bærekraftig utvikling: pedagogiske tilnærminger i barnehagen*. (1.utg). Bergen: Fagbokforlaget.
- Heggen, M.P. & Langholm, G. (2019). Tilknytning til natur, en forutsetning for bærekraft? I O. Kasin (Red.), *Bærekraftig utvikling : pedagogiske tilnærminger i barnehagen*. (1.utg). Bergen: Fagbokforlaget.

- Heggen, M.P. & Langholm, G. (2019). Å (for)bruke for en bærekraftig fremtid. I O. Kasin (Red.), *Bærekraftig utvikling : pedagogiske tilnærminger i barnehagen*. (1.utg). Bergen: Fagbokforlaget.
- Høseggen, S. (2020, 10. August). Barn er lykkeligere og sunnere om de er mye i naturen. Forsking.no. Henta frå: <https://forskning.no/miljo-naturvern/barn-er-lykkeligere-og-sunnere-om-de-er-mye-i-naturen/1726683>
- Kasin, O. (2019). Økonomisk bærekraftig utvikling- solidaritet og rettferdig fordeling. I Kasin, O. (Red.). (2019). *Bærekraftig utvikling: pedagogiske tilnærminger i barnehagen*.(1.utg). Bergen: Fagbokforlaget.
- Kasin, O. (2019). Sosialt bærekraftig utvikling. I Kasin, O. (Red.). (2019). *Bærekraftig utvikling: pedagogiske tilnærminger i barnehagen*. (1.utg). Bergen: Fagbokforlaget.
- Kasin, O. & Haugen, A.S. (2019). Bærekraftig utviling- historisk tilbakeblikk. I Kasin, O. (Red.). (2019). *Bærekraftig utvikling: pedagogiske tilnærminger i barnehagen*. (1.utg). Bergen: Fagbokforlaget.
- Kvale, S. & Brinkman, S. (2015) *Det kvalitative forskningsintevju*. (3.utg) Oslo: Gyldendal.
- Langholm, G. (Red.), Hilmo, I., Holter, K., Lea, A. & Synnes, K. (2017). *Forskerfrøboka*. (2.utg). Bergen: Fagbokforlaget.
- Lillemyr, O.F. (2020) *Lek på alvor*. (4.utg) Oslo: Universitetsforlaget
- Løkken, G. & Søbstad, F., (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen*. (4.utg.). Oslo: Universitetsforlaget
- Melis, C., Wold, P.A., Bjørgen, K & Moe, B. (2020) Norwegian Kindergarten Children's Knowledge about the Environmental Component of Sustainable Development. *Sustainability*, 12,19, 1- 16. Henta frå: http://apps.webofknowledge.com.galanga.hvl.no/full_record.do?product=WOS&search_mode=GeneralSearch&qid=2&SID=E1WQxevCpazuu5n5Evh&page=1&doc=1
- NRK. (2017, 1. mars). Planetpatrulien. Henta frå: <https://tv.nrk.no/serie/planetpatruljen>
- Odegard, N. (2015) *Gjenbruk som kreativ kraft*. (1.utg). Oslo: Pedagogisk forum.
- O’Gorman, L. (2015) Early learning for sustainability through the arts. I Davis, J.M. (2015) *Young children and the environment- Early education for sustainability*. (Second edition). United Kingdom: Cambridge University press.
- Osnes, H., Skaug, H.N. & Kaarby, K.M.E. (2015) *Kropp, bevegelse og helse i barnehagen*. (2.utg) Oslo: Universitetsforlaget.
- Personopplysningsloven. (2018). Lov om behandling av personopplysninger. (LOV-2018-06-15-38). Henta frå: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-15-38/*
- Robinson, L. & Vaealiki, S., (2015) Ethics and pedagogy at the heart of early childhood education for sustainability. I Davis, Julie. M., (2015) *Young children and the environment- Early education for sustainability*. (Second edition). United Kingdom: Cambridge University press.
- Sageide, B.M. (2015). Bærekraftig utvikling i barnehagen – bakgrunn og perspektiver. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 99(2), 110-123. Henta frå: [https://www.idunnno.galanga.hvl.no/file/pdf/66781831/baerekraftig utvikling i barnehagen bakgrunn o g perspektiv.pdf](https://www.idunnno.galanga.hvl.no/file/pdf/66781831/baerekraftig_utvikling_i_barnehagen_bakgrunn_og_perspektiv.pdf)
- Skarstein, T.H & Skarstein, F. (2019). *Artskunnskap for bærekraftig utvikling*. I Bjørndal, K. E. W. (Red.). (2019). *Bærekraft i praksis i barnehagen*. (1.utg). Oslo: Universitetsforlaget.
- Udir. (2017) *Bærekraftig utvikling*. Henta frå: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/verdigrunnlag/baerekraftig-utvikling/>
- Udir. (2017) *Barns medvirkning*. Henta frå: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/barns-medvirkning/>

Udir. (2017) *Rammeplanen for barnehage*. Henta frå: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

Unesco. (u.å) The four dimensions of sustainable development. Hentet 3. Februar 2021 frå:
<https://en.unesco.org/themes/education-sustainable-development/what-is-esd/sd>

Verdenskommisjonen for miljø og utvikling. (1987). *Vår felles framtid*. Oslo: Tiden norsk forlag.

8.0 Vedlegg

Vedlegg 1. Observasjon #1

«Pew, pew» A.g 4.2 hoppar ned frå et tre. Han «skyt» mot S.g 4.6 med en pinne. «Ahhh, du tar meg aldri», skrik S.g 4.6. A.g 4.2 held tre pinnen mot magen has. S.g 4.6 står i ro mens han plukkar opp ein avlang trepinne frå bakken. Han står i stille eit sekund, før han snur seg i full fart og spring bort til et område med mykje kongler. Han stoppar opp å plukkar opp ei konge. «Pass deg, no kastar eg dødsbomba». A.g 4.2 skrik «neeei» og springe vekk. Begge gutane søker ly bak et tre mens «bomba» eksploderer. A.g 4.2, snik seg sakte fram og kjem med truselen «pass deg, eg kastar ildspyd mitt på deg», seier han og referer til den avlange pinnen han har i handa. «Vel, eg har et ninja sverd», kjem S.g 4.6 med som motsvar. Han kastar pinnen han har i handa opp i lufta. M.g 5.2 kjem plutselig inn i leiken, «pass dåke eller så knuser eg dåke med Iron man hansken min!» A.g 4.2 og S.g 4.6 vert ståande å sjå på kvarandre et sekund. Plutselig byrja dei begge å skrike og spring kvar sin veg med ninja sverd og ildspyd i handa. M.g 5.2 fyljer tett etter.

Vedlegg 2. Observasjon #2

J.g 4.2, S.j 3.8 og M.j 3.9 sitter borte i skogholtet, gjømt bak nokre tre. J.g ligg flat på bakken og jentene ser på han med medlidande blikk. Det viser seg snarleg at dei er inne i en rolle leik, dei er på sjukehuset. J.g 4.2 er baby, S.j 3.8 er mamma og M.j 3.9 er storesøster. Handlinga går ut på at J.g 4.2 er sjuk. Han har fått beskjed om å legge seg på «sjukesenga». S.j 3.8, leitar litt i nærområdet før ho finn fram nokre tregreiner, «dette er dyne» seier ho pakkar og J.g inn med greinene, samstundes finn ho ein stein som han brukar til pute. M.j 3.9 kjem så med en pinne og legger denne på panna til J.g 4.2. «Å nei, du har over 50°C i feber! då må du ha ei sprøyte» seier ho. M.j 3.9 går bak gapahuken og finn fram ei litt spiss stein, som skal forestille ei «sprøyte». «Å nei!» seier J.g 4.2 og seg i «skrekk». M.j 3.9 tek sprøyta og rettar den mot panna has, både ho og S.j 3.8 held han i handa. M.j 3.9 trykker innhaldet inni panna til J.g 4.2. «Au» seier han. «Det går bra» seier M.j 3.9 og klappar han på handa. «no er vi ferdig». M.j 3.9 setter seg vedsida av J.g 4.2 og klappar litt på «dyna» has. Ho kyssar han så på panna og seier «Det går bra, du blir frisk igjen».

Vedlegg 3. Observasjon #3

«SEEE, et ekorn» roper D.g 4.6. Han hoppar ned frå steinen har står på og peikar mot ekornet. «Hysj!» ropar L.j 4.9, ho forsett «du må ikkje skremme det bort». D.g 4.6 tar seg for munnen, samstundes som han forsette å speide etter ekornet som klatra oppi det store grantreet. J.g 4.2 klartar opp i et tre lenger borte. «Eg er et ekorn» seier han. «L.j 4.9 spring bort til han ved treet, «eg og vil være ekorn» seier ho. «Men det er bare plass til et ekorn i dette treet L.j..» svarar J.g 4.2. L.j 4.9 spring bort til D.g 4.6 og klatrar oppi et anna tre. «Eg og D.g kan være ekorn her borte» J.g 4.2 hoppar ned på bakken «kom alle saman, vi må samle nøtter til vinteren». L.j 4.9 og D.g 4.6 kjem springande etter. «jaa, vi må hjelpe ekornet», svarar D.g 4.6. «HYSJJ» J.g 4.2 stoppar opp. Dei stoppar opp og ser på ekornet som no har klatra ut på ei grein. «Hei Ekorn, vi skal hjelpe deg å samle nøtter» kviskrar L.j halvstille. Ekornet vert ståande nokre sekund å sjå på barna. Plutselig kjem det nokre andre barn løypande og ekornet forsvinn opp i grantreet. «kom tilbake ekorn!» roper D.g i det barna innser at ekornet et forsvunne.

Vedlegg 4. Samtykke skjema intervju**Vil du delta i forskingsprosjektet:
”Leik som berekraftig tilnærming i barnehagen”?**

Dette er et spørsmål til deg om å delta i et forskingsprosjekt, kor formålet er å finne ut om leik er relevant som tilnærming til berekraftig utvikling i barnehagen. I dette skrivet gir eg deg informasjon om formålet med prosjektet og kva deltaking vil innebere for deg.

Formål

Eg er barnehagelærarstudent ved Høgskulen på Vestlandet Campus Bergen, og går siste semester av utdanninga. I den anledning skal eg skrive min bacheloroppgåve der temaet er; leik som berekraftig tilnærming i barnehagen. Formålet med oppgåva er å finne ut meir om barns leik og om en kan knytte leiken til læring om berekraftig utvikling i barnehagen.

Eg skal bruke to ulike metodar for datainnsamling, desse er observasjon av barns leik og intervju av barnehagelærarar. Relevante informantar i denne samanhengen er tre barnehagelærarar. Eg vil gjennomføre ein til ein intervju der eg stiller deg spørsmål frå en forhandslaga intervjuguide, som vil innehalde spørsmål om din arbeidserfaring, ditt syn på berekraftig utvikling, leik og barns forhold til naturen.

Problemstillinga mi er: *Kan leik i barnehagen kvalifiserast som tilnærming til berekraftig utvikling?*

Kven er ansvarlig for forskingsprosjektet?

Høgskulen på Vestlandet er ansvarlig for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

I dette forskingsprosjektet skal eg intervju tre barnehagelærarar. Derfor vil eg spørje deg, om du vil delta i et intervju for å bidra til bacheloroppgåva mi. Eg ynskjer di deltaking då du oppfyller mine kriterier som informant.

Kva inneberer det for deg å delta?

Om du takkar ja til deltaking vil eg intervju deg utifrå en forhandslaga intervjuguide. Det vil bli brukt lydopptak under intervjuet, derfor får du dette samtykkeskjemaet på førehand.

Intervjulengda med deg som barnehagelærer blir en ca. 30 minuttar, tilpassingar gjerast undervegs.

Eg ynskjer å halde spørsmåla anonyme, for å få mest moglege spontane svar.

Som vaksen har du rett til, om ynskjelig å få sjå intervjuguide på førehand av intervjuet, ved å ta kontakt. Opplysningane og lydopptaket frå intervjuet vil bli sletta når prosjektet avsluttast og oppgåva er godkjent.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Om du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake utan å oppgje nokon grunn. Alle dine personopplysningar og lydopptaket frå intervjuet vil då bli sletta. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller ved et seinare høve vel å trekke deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker dine opplysningar

Eg vil berre bruke opplysningane om deg til formåla som eg har fortalt om i dette skrivet. Eg behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Dei som vil ha tilgang til ved behandlingsansvarlig institusjon er eg som student (anonym til fordel for oppgåva) og min veileidar (anonym til fordel for oppgåva)

Namn og andre identifiserbare opplysningar vil bli utbytta med fiktive namn, som barnehagelærer 1, 2 eller 3. Som deltakar i mitt forskingsprosjekt vil datamaterialet og informasjonen om deg anonymiserast. Eg som student skal gjennomføre intervjuet og har det formelle ansvaret for datamaterialet. I oppgåva mi vil det ikkje bli brukt personlege opplysningar og informasjonen du gir gjennom intervjuet vil ikkje kunne koblast mot deg som privatperson eller mot din arbeidsplass.

Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Innsamla datamateriell vil bli sletta når prosjektet er avslutta og godkjent. Dato for dette er 21. juni 2021.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kalla personopplysningar som er registrert om deg, og å få utlevert en kopi av opplysningane,
- å få retta personopplysningar om deg,
- å få slettet personopplysningar om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

Kva gir oss rett til å behandle personopplysningar om deg?

Vi behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke i forskingsprosjektet.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har NSD- Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Korleis kan eg finne ut meir?

Om du har spørsmål til prosjektet, eller ynske å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

Forskar og student ved Høgskulen på Vestlandet:

Namn: Anonym til fordel for oppgåva

Mail:

Tlf:

Veileidar for bacheloroppgava:

Namn: Anonym til fordel for oppgåva

Mail:

Tlf:

Vårt personvernombod:

Trine Anikken Larsen. E-post: Trine.Anikken.Larsen@hvl.no

Om du har spørsmål knyttet til NSD sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på epost (personverntjenester@nsd.no) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med vennlig helsing

Anonym

(Student og forskar)

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet «*Leik som berekraftig tilnærming i barnehagen*», og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- Å delta intervjuet
- Bruk av lydopptak under intervjuet
- Å ha lest å forstått informasjonen i dette skrivet

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlast frem til prosjektet er avslutta

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Vedlegg 5. Informasjonsskriv observasjon**Informasjonsskriv om forskingsprosjektet:****«Leik som tilnærming til berekraftig utvikling i barnehagen»**

Dette er et informasjonsskjema til deg og føresette angående mitt forskingsprosjekt, kor formålet er å finne ut om leik er relevant som tilnærming til berekraftig utvikling i barnehagen. I dette skrivet gir eg deg informasjon om formålet med prosjektet.

Formål

Eg er barnehagelærarstudent ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Bergen, og går siste semesteret av utdanninga. I denne anledning skal eg skrive mi bacheloroppgåve, der temaet er; leik som tilnærming til berekraftig i barnehagen. Formålet med dette forskingsprosjektet er å finne ut meir om barns leik og om en kan knytte leik til berekraftig utvikling i barnehagen. I samband med dette treng eg relevante informantar for å kunne samle inn datamateriell til prosjektet. Relevante informantar i denne samanhengen er barn leikar i barnehagen.

Problemstillinga mi er: *Kan leik i barnehagen kvalifiserast som tilnærming til berekraftig utvikling?*

Kven er ansvarlig for forskingsprosjektet?

Høgskulen på Vestlandet er ansvarlig for prosjektet.

I dette forskingsprosjektet skal eg observere ei gruppe barn i leik gjennom tre veker. Eg skal bruke to ulike metodar for å observere. Desse er løypande protokoll og praksisfortelling. Dette er to ulike observasjonsmetodar som er mykje brukt i barnehagen for å observere barns leik og for å få med seg detaljane i det som skjer. Observasjonane vil være anonyme utan namn eller identifiserbare personopplysningar. Som deltakar i mitt forskingsprosjekt vil innsamla datamateriell anonymiserast. Om eg skal bruke døme i frå prosjektet i sjølve bacheloroppgåva vil eg omtale barna med fiktive namn og aldra, til døme Kasten 4,2 og Petra 4,1.

Eg som student skal gjennomføre observasjonane og har det formelle ansvaret for datamaterialet. I prosjektet mitt vil det ikkje bli brukt personlege opplysningar og

informasjonen eg innhentar gjennom observasjonane vil ikkje kunne koblast mot deg, dine føresette som privatpersonar, eller mot barnehagen.

Korleis kan eg finne ut meir?

Om du har spørsmål til prosjektet ta kontakt med:

Forskar og student ved Høgskulen på Vestlandet:

Namn: Anonym til fordel for oppgåva

Mail:

Tlf:

Veileidar for bacheloroppgava:

Namn: Anonym til fordel for oppgåva

Mail:

Tlf:

Vårt personvernombod:

Trine Anikken Larsen. E-post: Trine.Anikken.Larsen@hvl.no

Med vennlig helsing

Anonym

(Student og forskar)

Vedlegg 6. Intervjuguide

Kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> • Kva utdanning har du? Eventuelt tok du nokon fagretning ved valt utdanning? • Kva gjor til at du valde å byrje i barnehage yrket? • Kva relasjon hadde du til barn før du starta på utdanninga?
Arbeidserfaring	<ul style="list-style-type: none"> • Kor lenge har du jobba i yrket? • Kva aldersgruppe arbeider du med no? • Har du arbeidd med andre aldersgruppe tidlegare? I so fall kva aldersgruppe? • Kva betyr det for deg å jobbe i barnehagen? • Kor mange barn er det på avdelinga? • Kor mange vaksne er dykk på avdelinga?
Leik	<ul style="list-style-type: none"> • Kva er ditt forhold til leik, nærmare bestemt barnsleik? • Kva forhold har du til leik som pedagogisk tilnærming? • Korleis tilrettelegg du for leik ute i naturen?
Berekraftig utvikling	<ul style="list-style-type: none"> • Kva er ditt personelege forhold til natur og berekraftig utvikling? • Eksponerast barn for berekraftig utvikling i barnehagen? kvifor/ kvifor ikkje?

	<ul style="list-style-type: none">• Korleis formidlar du berekraftig utvikling i barnehagen i henhold til rammeplanen?
Berekraftig utvikling som tilnærming til lek	<ul style="list-style-type: none">• Kva legger du spesielt tilrette for når du er ute i naturen med barn?• Kva haldningar opplever du at barn har, knytt til berekraftig utvikling?• Kva har leiken å sei for tilknytning til naturen?

Vedlegg 7. NSD

Meldeskjema for behandling av personopplysninger

24.03.2021, 18:11



NSD sin vurdering

Prosjekttittel

Kan lek i barnehagen kvalifiserast som tilnærming til bærekraftig utvikling?

Referansenummer

103013

Registrert

11.02.2021 av

Behandlingsansvarlig institusjon

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett / Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Type prosjekt

Studentprosjekt, bachelorstudium

Kontaktinformasjon, student

Prosjektperiode

04.01.2021 - 21.06.2021

Status

23.03.2021 - Vurdert

Vurdering (1)

23.03.2021 - Vurdert

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet

den 23.03.2021 med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde:

<https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-endringer-i-meldeskjema>

Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 21.06.2021.

LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20).

NSD vurderer at informasjonen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og eventuelt rådføre dere

Meldeskjema for behandling av personopplysninger

24.03.2021, 18:11

med behandlingsansvarlig institusjon.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Karin Lillevold
Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)